



Aktivitetshuset nærmer seg fullføring, men brannvesenet har kritiske kommentarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Branningeniør Stein Kyrre Kvinge har kritiske kommentarar i samband med reaksjonen på ein tilsynsrapport som vart skrive i september om oppvekstsenteret og aktivitetshuset.

Han slår fast at tilbakemeldinga frå kommunen ikkje er tilfredsstillande når det gjeld å visa ein tiltaksplan for utbetring av dei avvik og merknader som er omtala i tilsynsrapporten.

Svar på avvik når det gjeld brennbare materialar på overflata i rømningsveg er ikkje tilfredsstillande. I tilbakemeldinga er det sett frist for utbetring til 2009/2010, men det er ikkje skissert korleis ein har tenkt å gjennomføra utbetringane.

I tilbakemeldinga heiter det set 'det ser ut til å vere gips under trepanel' ved hovudinngangen til Aktivitetshuset. Dersom det er tilfelle, må det kunne dokumenterast, held Kvinge fram. Han ber om ein ny, skriftleg tilbakemelding som viser når og korleis avvika er tenkt utbeta.

Hvis brannvernet ikkje har fått tilfredsstillande tilbakemelding innan 20. desember vil det bli gjeve pålegg om slik retting, varslar branningeniøren.

Av Ola Matti Mathisen